



Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 03.05.2017
Møtestad: Formannskapsrommet
Møtetid: 09.00 - 12.30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Tom Kristian Thorsen	SO	Ordfører	
Kristin Nåmdal	SA	Varaordfører	
Linda Neset	SO	Medlem	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Medlem	
Kjetil Eikefet	SA	Medlem	

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Magne Verpelstad	kommunekasserar	Administrasjon	Møtte i sak 031/2017
Oddvin Neset	Assisterande rådmann	Administrasjon	
Tone Selmer Skuggevik	Teknisk sjef	Administrasjon	Møtte i sak 029/2017

Sakliste

Saknr	Tittel
026/2017	Godkjenning av innkalling og sakliste
027/2017	Godkjenning av møtebok
028/2017	Referatsaker
029/2017	Orienteringssaker
030/2017	Søknad om tilleggsloyping - innkjøp av ny heis i bassenget, Bryggjeslottet.
031/2017	Årsmelding og rekneskap 2016

Notat frå møtet:

026/2017: Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling:

Kristin Nåmdal hadde slik merknad til innkallinga: Orienteringssaker som ordføreren ynskjer å ta opp bør fylje sakspapira, og ikkje sendast som e-postmelding i etterkant.

Samrøystes godkjent med merknad.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

027/2017: Godkjenning av møtebok

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

028/2017: Referatsaker

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

029/2017: Orienteringssaker

Behandling:

Det er kome førespurnad frå privatperson om kommunen ynskjer å kjøpe husvære i Mo sentrum. Ass.rådmann gav ei orientering om status når det gjeld kommunale husvære. Formannskapet ser det ikkje som aktuelt no at kommunen kjøper bustad på den private bustadmarknaden. Ordførar svarer den som har førespurt.

Vatn og avløpsrør til Heiane: Ordførar orienterte om status. Det er gjort eit arbeid med å sjå på alternative omleggingsvegar for VA-rør til Heiane, og det har vore møte med grunneigar. Teknisk sjef orienterte om dei alternativa for omlegging som er vurdert, og peika på kva alternativ som vil gje ei framtidretta løysing. Formannskapet ynskjer at administrasjonen utgreier ei sak som belyser prosjektering og kostnader med omlegging av røyrnett.

Kompensasjonsmidlar/utviding av båthamn: Modalen kommune har søkt fylkeskommunen om kompensasjonsmidlar til utbetring av båthavna. Saman med tidlegare tildelte midlar har ein til saman tilskot på ca kr 300.000,- som kan nyttast i prosjektet. Dette er mindre enn det ein hadde kalkulert med, for prosjektet er kostnadsrekna til kr. 600.000,-. Saka vert lagt i bero til økonomiplanhandsaminga hausten 2017.

Oppfyljing av mogelighetsstudie Trohaugområdet: Ordføraren tok oppatt tråden frå Kommunestyret den 20.april 2017. Formannskapet slutta seg til at det ikkje er tida for å gå vidare med dette prosjektet no, og at ein fyrst bør ta i bruk dei tomtene som lett kan gjerast om til bustadtomter utan omfattande infrastruktur-tilrettelegging. Formannskapet ynskjer at administrasjonen utgreier om Sæten-området, og den delen som i dag er regulert til næringsføremål, kan gjerast om til bustadområde.

Tursti mellom Eikehaugbrua og Helland: Ordføraren orienterte om møte med grunneigarane. Dei er positive til at kommunen oppgraderer vegen til turveg, men den må likevel kunne nyttast som traktorveg, og til slep av tømmer.

Tannlege: Ordføraren orienterte om at fleire tannlegar har vore i kontakt med Masfjorden kommune og meldt si interesse for deira utlysing om tannlegepraksis. Dette betyr at det kan verte aktuelt å arbeide vidare med planar om tannlegetilbod i samarbeid med Masfjorden og evt. andre kommunar.

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

030/2017: Søknad om tilleggsløyving - innkjøp av ny heis i bassenget, Bryggjeslottet.

Behandling:

Ass.rådmann orienterte om saka, og la til at ein i vedtaket bør ta inn at midlane skal hentast frå disposisjonsfond.

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Modalen kommune løyver inntil kr. 92 500,- (inkl. mva) til innkjøp av ny bassengheis til Bryggjeslottet.

Dekning: Disposisjonsfond.

031/2017: Årsmelding og rekneskap 2016

Behandling:

Ass.rådmann opplyste at versjon av årsmelding og rekneskap som var sendt ut i møteinnkalling har feil. Dette har også medført feil mindreforbruk i framlegget til vedtak. Ny versjon av begge dokumenta var sendt ut til Formannskapet før møtet. Det er desse dokumenta som vert behandla, og som går vidare til Kommunestyret. Rett mindreforbruk i driftsrekneskapen skal vere kr. 2.893.271,-

Økonomisjef orienterte om rekneskapet.

Kontrollutvalet har handsama rekneskapet i sitt møte den 2.mai 2017. Referat frå Kontrollutvalet følger saka til Kommestyret.

Ass.rådmann gjekk gjennom hovudtrekka i årsmeldinga.

Vedtak:

Rekneskapsmessig mindreforbruk i driftsrekneskapen for 2016 vert disponert slik: kr 2 893 271 vert avsett til disposisjonsfond.

Årsrekneskapen og årsmeldinga for 2016 vert godkjent slik dei ligg føre.
